

# UTDRAG FRÅ DEN LEKSIKRYPTISKE ENCYKLOPEDI

**Ka** (av jap. 火, «eld»). Eitt av dei fem elementa i tradisjonell japansk filosofi, saman med jord (Chi 地) vatn (Sui/Mizu 水) vind (Fū/Kaze 風) og tomrom (Kū/Sora 空). Eld representerer energi og det som set ting i rørsle.

**Kanon** (av gr. κανών, «regel», «målestokk»). Tappt verk av den greske filosofen Epikur (341–270 f Kr.). Den viktigaste kjelda til kunnskap om verket er skriftene til Diogenes Laertius. Når ein snakkar om Epikurs kanon i dag, er det vanlegvis med referanse til epistemologien som utgjorde innhaldet i verket. For Epikur stod «kanon» som ein av tre filosofiske hovuddisiplinar, saman med fysikk og etikk. Verket *Kanon* skildra reglar for korleis ein gjer sanne dommar om verda, og korleis ein bør handle. Til grunn ligg det tre kriterium oppfatningane våre må målast etter: sansing, grunnleggjande omgrep og kjensler. Dei to første er målestokkar for fysikk og metafysikk, medan den siste er etikken sin målestokk.

Epikur var ein streng empirist som hevda at alle oppfatningar vi dannar oss, må springe ut frå sanseerfaring. Desse gjev oss ein passiv tilgang til det som er i verda. Sansane gjer ikkje nokon dom over det som påverkar dei, og såleis seier dei ingenting om korleis noko faktisk er uavhengig av dei. Sanseopplevingar kan, ifølgje Epikur, aldri ta feil, fordi dei enklast sett er sanseorgana våre sine møte med andre gjenstandar. Dette poenget kan stå fram som noko trivielt, men var ein viktig posisjonering for Epikur i samtida, då andre filosofar gjerne meinte at sansing var eit lite eigna grunnlag for sann og sikker kunnskap.

I tråd med dette er det ikkje råd å nytte kategoriane «sann» og «usann» på reine sanseintrykk, fordi dei i seg sjølv ikkje gjer nokon dom over saksforhold i verda. Dette er det fornufta si oppgåve å gjere. For å illustrere dette kan ein tenkje seg ein ser på ein bein pinne som delvis er under vatn. Auga våre tek imot lyset som reflekterast frå gjenstanden dei er retta mot, og det dannar seg eit synsintrykk. Men endå har vi ikkje gjort oss opp nokon mening om kva det er vi ser eller kva eigenskapar det har. Det er nemleg fornufta si jobb å dømme over det som kjem til syne gjennom sansane, og med det danne ei oppfatning om det som påverkar dei. På grunn av lysbrytinga i vatnet kan fornufta gjere seg skuldig i å tru at pinnen er bøygd der han møter vassflata. Om det fornufta kjem fram til faktisk stemmer, kan ein altså aldri vere heilt sikker på, vil Epikur meine, og dommane ho gjer, må alltid kunne bevisast eller motbevisast ved hjelp av konkrete sanseerfaringar.

For at det skal vere mogleg for oss å forstå sanseintrykka vi mottar, er det naudsynt at det ein erfarer, vert grunna i grunnleggjande omgrep, *prolepsis*. «Kropp», «sjel» og «sanning» er døme på slike grunnleggjande omgrep. Dette vert gjerne forstått som eit forsøk på å løyse Menons paradoks: Korleis er det mogleg å søke kunnskap ein ikkje har frå før? For Platon var det avgjerande å kunne forklare korleis mennesket har ei form for grep på verkelegheita forut for den medvitne kunnskapen det tileignar seg. I staden for å gripe til sjela si stadige vandring frå kropp til kropp (med tilhøyrande minnetap), som Platon gjer, vil Epikur nok ein gong hevde at sansane spelar ei avgjerande rolle. Epikur meinte at medan omgrep vanlegvis må kunne definerast ved hjelp av andre omgrep, finnast det nokre vi kan få tak i utan å måtte grunne dei i noko anna enn sanseerfaringar. Ut frå å gjere erfaringar som liknar kvarandre, er vi i stand til å danne idear eller bilete som vi kan trekkje fram frå minnet, og som kan nyttast til å definere nye omgrep.

Den siste målestokken, kjensler, er ulik dei andre, fordi ho relaterer seg til etikk og ikkje fysikk. Med kjensler meiner Epikur i hovudsak nyting og smerte, og dei inngår i epistemologien fordi dei åleine ikkje kan leie oss til å handle, men treng oppfatningar om rett og gale som står i samsvar med dei. Dette heng saman med Epikur sin nokså hedonistiske og jordnære etikk, som oppmodar oss om å søke mest mogleg lykke i dette livet i staden for å sjå til ein eller annan «høgare» instans. Argumentet for dette er basert på Epikur si oppfatning om at nyting og lukke er det same, og at lukke er det høgaste gode, fordi det er det einaste vi søker for si eiga skuld. Det er nettopp fordi vi har direkte tilgang til kjenslene, og at dei per definisjon er gode eller vonde, at dei kan fungere som målestokkar for kva vi bør gjere for å oppnå det gode og unngå det vonde. A.M.

**Katarsis** (av gr. κάθαρσις, «reinsing»). Opphavleg ein medisinsk term for reinsing av kroppen i medisinsk forstand. Det filosofiske og litteraturteoretiske innhaldet fekk ordet med Aristoteles si handsaming av den tragiske diktekunsten i *Poetikken*. Han meinte effekten eit tragisk drama skal ha på tilskodarane sine, er å reinse dei for overflødige kjensler eller lidningar. Reinsinga finn som regel stad ved høgdepunktet i tragedien, kor kjenslene får utløp.